



Vibeke Birkeland og vel 2000 andre kosa seg på Dønhaug fredag!

**Vibeke Birkeland, 45 år gammel øyelege frå Bergen, hadde sitt første møte med Festidalen på Dønhaug-jordet fredag. Då eg snakka med ho laurdag føremiddag var det tett som hagl mellom superlativa. Det var allereie bestemt. Ho skal tilbake til Festidalen neste år. Det er bombesikkert, basta!**

Vibeke og familien har hytte på Fjelberøy. Dei tilbringer mykje tid på dette hytteparadiset sitt, særleg om sommaren. Der har dei også feriert dei to siste vekene. Av hyttenaboar hadde ho vorte tipsa om Festidalen. Programmet syntest ho var svært spennande med Veronica Maggio som hennar personlege favoritt. Dermed vart det fredag på Dønhaug saman med gode vener.

Favoritten Veronica Maggio svarte verkeleg til forventningane.

- Da var det jammen fyr i sagmuggen ei stund, men jammen var det også andre som var kjempebra, seier Vibeke og trekkjer spesielt fram Razika og Jaa9 & Onklp. Den rutinerte konsert- og festivalbesøkjaren legg til at ho aldri har vore på ein konsert eller festival som ligg fint til.
- Her fikk vi både solnedgang og fullmåne i det nydelige landskapet, forklarer ho.

Ho har merka seg fleire område der ho syntest Festidalen skilde seg ekstra fordelaktig ut.

- Arrangementet fungerte så bra. Toalettfasilitetene syntest jeg var veldig gode. Ryddig, lett tilgjengelig og lite kø. Og så syntest jeg ryddeguttene skal ha ekstra honnør. De fikk tomgods og boss unna, rosar bergensdama før ho forflyttar lovorda over til mattilbodet.
- Maten var jo også helt suveren. Jeg smakte makrell i lefse og burgeren. Første klasse. Den burgeren var jo saftig og rågod! Elles var det jo kjekt å prøve flere øltyper. Bellevue og Solfjell var på topp hos meg.

Mykje ros frå Bergensdama Vibeke Birkeland. Ho fekk også med seg frukosten og Festitaren laurdag før ho reiste tilbake til ferieparadisetsitt på Fjelbergøy.

- Frukosten er jo et fantastisk tilbud som er med og forsterker det solide og gode inntrykket jeg har fått av Festidalen, Uskedalen og Kvinnherad!, avsluttar Vibeke Birkeland fast bestemt på at neste år er ho tilbake. Då vert nok ektemannen Michael og dottera Vivi med.



Vibeke fekk også med seg frukosten før ho retunerte til Fjelbergøy.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Fode Sæbø/Thor Inge Døssland